



Rapport angående tiltak i beiteområdet 2021.

I fjor søkte me om tilskudd til nokre elektroniske bjøller for å testa ut dette. Legger ved nokre notatar slik att de ser effekten av tilskuddet.

Siren Stall og Asbjørn Gjelsvik har no prøvd ut Smartbjella ein sesong. Erfaringane her er gode bortsett ifrå att to bjøller som ikkje sendte signal pga feil på bjøllena. Desse to vart snarast erstatta av Smartbjella. Årsak skal vera ein feil i bjølla som dei har no fjerna ved ein oppgradering. Desse bjøllene fungerer kun der det er GSM dekning. Har pga dette noko begrensa bruksverdi i i vestlandsfjell, men her hjå oss på Dyrdalsfjellet / Andåsfjellet er det god dekning. Me føler me har har hatt god oversikt kor dyra beveger seg og tiltaket har letta tilsynet og sankinga. Prisen på Smartbjella er noko rimeligare enn FindMySheep.

Terje Hilland, Thomas Frotjold, Stein Dalland og Olav Eikemo har i fleire år prøvd ut FindMySheep og har positive erfaringar her. Desse fungerer bra i områder kor det ikkje er mobildekning. Desse har fungert bra teknisk. Sender signal som dei skal. 2 generasjon av desse bjøllene som vart kjøpt inn i 2021 er eit stort framskritt frå første generasjons bjøllene. Negativt med desse er høg pris.

Austfjorden Beitelag ønskjer att de prioriterer tilskudd til dette i framtida. Tiltak med elektroniske bjøller er eit stort framskritt for å både dyrevelferd og bonden sin kontroll over dyra på beitet. Effektiv sanking er sjølvsagt og eit stort framskritt.

Dyrdal 12.05.22, Siren Stall.